



POLITIET

Vest politidistrikt

<

Referat – Møte utvida styringsgruppe for Prosjekt Nytt Politidistrikt – Vest 5.10.2016

Innkalla	<p>Trine Kvernhusvik (Parat) Kjetil Rekdal (PF) Ørjan Hjortland (PF) Frode Karlsen (PF) Ole Bjørn Mevatne (Politijuristene) Lillian Bersaas (NPL) Trond Arne Aglen, adm.sjef Linda Birkeland, personalsjef Arne Johannessen, lensmann Olav Valland, fung. Hordaland Ronny Iden, fung. Sogn og Fjordane Kaare Songstad Bjørn Larsen</p> <p>Frå kommunar og regionråd: Harald Schjeldrup – Bergen Kommune Robert Rastad – Bergen Kommune Jostein Eitrheim – Hardangerrådet Leidulf Gloppen – Nordfjordrådet Stein Robert Osdal – Selje kommune Karstein Totland – Regionråd Nordhordland Astrid Aarhus - Regionråd Nordhordland Hans Petter Thorbjørnsen – Ulvik kommune Hans-Erik Ringkjøb – Voss kommune Jostein Ljones – Kvam kommune Knut Harald Frøland – Samnanger kommune Kristin Maurstad – Vågsøy kommune Leif Jarle Bergheim – Aurland kommune Roald Aga Haug – Odda kommune Sven Flo – Stryn kommune Terje Mathiassen – Askøy kommune Frida Melvær – HAFS regionråd Ola Teigen – Flora kommune</p>	<p><i>Agenda:</i></p> <p>Sak i utvida styringsgruppe (med kommunerepresentantar):</p> <ol style="list-style-type: none">Organisering av Vest politidistrikt i tenesteeiningar og tenestestader
-----------------	---	--

	Olve Grotle – SIS Morten Storebø - Samarbeidsrådet for Sunnhordland Arild Ingar Lægreid –Årdal kommune Harald Offerdal – Balestrand kommune Ivar Kvålen – Luster kommune Regionrådet Vest	
Forfall	Kjell Ivar Sletten (HVO) Elisabeth Bru (Politijuristene)	
Referent	Margrethe Myrmehl Gudbrandsen Trine Linn Mikkelsen	
Saksnr.		
Dato	5.10.16 kl. 12–16	
Stad	Politihuset i Bergen 5. et.	
Tal på sider	14	
Vedlegg		

	Sak	Saksunderlag/vedlegg	Ansvarleg	Frist
1	Organisering av Vest politidistrikt i tenesteeiningar og tenestestader	Rapporten til arbeidsgruppa. Orientering ved lensmann Oddbjørn Dyrdal med påfølgjande debatt. Presentasjonen var på førehand send til styringsgruppa. Politimeister Kåre Songstad ønskte velkommen og informerte om rapportane som er framlagde, og ønskte alle velkommen til å komme med innspel etter at prosjektleiar Oddbjørn Dyrstad hadde presentert rapporten. Han oppfordra kommunane om å invitere på besøk om dei hadde behov for dette i høyringsperioden.	Oddbjørn/Helge	

	<p>Dyrdal viste til omgrepssavklaring:</p> <p>Tenestestad: fysisk bygg, konkret lokasjon</p> <p>Tenesteeining: geografisk område som kan bestå av flere tenestestader</p> <p>GDE: geografisk område som kan bestå av tenesteeiningar og tenestestader</p> <p>Oddbjørn Dyrdal avslutta orienteringa si med ei oppfordring til kommunane:</p> <p>Det er ikkje mogleg å ha ein tenestestad i kvar kommune med dei krava og ressursane vi har tilgjengeleg. Vi må derfor gjere det best mogleg ut frå det vi har. Politiet må vere tett på kommunane. Det er utruleg viktig at politiet og kommunane har sams planar, og vi må bli betre på samarbeid. Bruk Politirådet for det det er verdt – det er veldig viktig, det er vårt felles organ. Godt samarbeid er den viktigaste suksessfaktoren!</p> <p>Robert Rastad – Bergen kommune:</p> <p>Er totalberedskapen teken med i analysen? Dette må vere ein del av vurderinga, spesielt med tanke på dei geografiske utfordringane. Dette må vere eit tverrretatleg samarbeid.</p> <p>Oddbjørn Dyrdal: Vi har sett på totalberedskapen i samspelet mellom brannvesen, politi og den kommunale beredskapen elles. Det finst mange gode nye metodar for å jobbe meir effektivt. Tilgjenge og nærliek skal ikkje vere knytt til lokasjon. Godt samarbeid er den viktigaste suksessfaktoren.</p> <p>Ola Teigen – Flora kommune:</p> <p>GDE – dissens mellom dei to alternativa. Kva slags funksjonar skal liggje i GDE, og kva skal liggje i FDE? Det er ein diskusjon om kor mange det skal vere. Kva vil forskjellen i GDE i forhold til funksjonar – klarer ein å fylle alle funksjonane dersom det er sju GDE-ar kontra fire?</p> <p>Oddbjørn Dyrdal: Arbeidsgruppa er delt i dette spørsmålet.</p>	
--	--	--

	<p>Halvparten meiner at vi ikkje klarer dette, mens den andre meiner vi klarer det.</p> <p>Ola Teigen – Flora kommune: Fyller ein desse krava i dag med dagens tre GDE-ar i Sogn og Fjordane?</p> <p>Oddbjørn Dyrdal: Ein må sjå på kriminalitetsbiletet og prioritere og velje bort noko ut frå dette. Dersom ein samlar leiinga i ei større eining, kan ein styre ressursane på ein riktig måte. Arbeidsgruppa er delt i synet på dette, og halvparten meiner dette kan bli sårbart.</p> <p>Terje Mathisen – Askøy kommune: Det er foreslått ein GDE for Bergen, Sotra, Øygarden og Askøy. Dette er likt i begge forslaga. Det er ein dekningsgrad på 0,6 per i dag og 1,03 med nytt forslag og med to tenestestader sånn som i dag. Har arbeidsgruppa gjort nokon vurderingar når det gjeld forskyvingar i type tenester?</p> <p>Morten Ørn: Det vil bli opp til ny leiar korleis ein skal spreie tenestene. Eg trur ikkje det blir dei store endringane.</p> <p>Kjetil Rekdal (Politiets Fellesforbund Hordaland – forkorta PF): Det har gått fort å lage rapporten, ikkje alt er utgreidd og teke risikovurderingar på. Det verkar som at arbeidsgruppa er einig om at det trengst meir styring og kontroll. Dette blir flytt sentralt. Dette stirr mot PF sitt syn som ønskjer at leiarar skal leie og ta ansvar. Stabsfunksjonane vil ha ein samanheng med GDE, og dette er ikkje godt nok utbetra. Ønskjer ein eit desentralisert eller sentralisert politi? Vi treng å forankre dette forslaget i organisasjonen for å kunne ta stilling til kor mange geografiske driftseiningar vi skal ha i distriktet.</p> <p>Hans Erik Ringkjøb – Voss kommune: Ros til arbeidsgruppa. Voss kommune er fornøgd med at forslaga til tenestestader inneheld Osterøy og Vaksdal. Vi har hatt eit</p>	
--	---	--

	<p>ønske om ei geografisk driftseining.</p> <p>Kva er argumentasjonen for ikkje å følgje opp dette sporet?</p> <p>Dette må utgreiaast nærmare for å skape forståing for kvifor det ikkje blei slik. Rapporten bør vaskast opp mot for eksempel talet på innbyggjarar. Vi ønskjer vurderingar som gjeld at nokre plassar får geografiske driftseininger og ikkje andre. I Vossa-regionen er det 29 000 innbyggjarar. Når det gjeld tenesteeiningar, blir det stilt spørsmål om kvifor nokre har fått og andre ikkje, sett opp mot talet på innbyggjarar. Det kjem til å skje ein befolkningsvekst framover i tråd med ny veg og bane som er planlagd utover det SSB sine prognosar seier. Er det teke høgd for dette i rapporten?</p> <p>Oddbjørn Dyrdal:</p> <p>Biletet er litt uklart når det gjeld at fleire kommunar har gitt innspel. Vi må ta omsyn til både tal på innbyggjarar i tillegg til geografi. Vi må ta omsyn til vegar og kommunikasjon. Det har òg vore dissens i dei åtte kommunane som har gitt innspel. Vi må gjere ei avveging når det gjeld tenestestader, og ruste dei på sikt for å sikre at vi har vakt og beredskap. Det er naturleg å legge tenestestad til anten Osterøy eller Vaksdal.</p> <p>Det er ikkje alltid at det er innbyggjartalet som avgjer, men innhaldet i kommunen – turistar – beredskap – lite kriminalitet og hendingar. Vi har teke med oss signal om at det er moglegheit for auke i folketalet, og det er prøvd å ta omsyn til framtidige utbetringar av vegnett og jernbane.</p> <p>Hans Erik Ringkjøp – Voss kommune:</p> <p>Tingrett og rettsområdet spelar inga rolle – dette er ikkje eit argument.</p> <p>Harald Offerdal – Balestrand kommune:</p> <p>På vegner av Sogn regionråd.</p> <p>Intensjonen med reforma er bra. Men slik det blir lagt opp til, vil ikkje intensjonen bli oppfylt. Vi ønskjer å halde ved like tre GDE-ar som vi har i dag i Sogn og Fjordane. Forslaget er ei sentralisering. De må ta omsyn til geografi, ikkje berre innbyggjartal. Støttar PF. Vi ønskjer eit desentralisert politi –</p>	
--	--	--

	<p>ikkje eit sentralisert politi. Denne reforma gir eit fjernpoluti og ikkje eit nærpoluti. PODs dobling av interne ressursar er eit tydeleg signal om det. Politiet er ei for viktig samfunnsteneste til at vi kan overlate styringa sentralt. Politiarbeid på staden gir utfordringar for beredskap. Vi må ha nokon på staden som kan rykkje ut så fort som mogleg. Dette handlar om responstid. Beredskap er noko av det viktigaste vi jobbar med i dag, og den biten må de ta på alvor. Det må i alle fall leggjast til ressursar slik dette fungerer. Eit politi som av og til kjem innom, er ikkje eit tilgjengeleg nært politi.</p> <p>Morten Ørn: Vi er einige i at vi gjerne skulle vere døgnbemannna alle stader – men vi har dessverre ikkje ressursar til det.</p> <p>Oddbjørn Dyrdal: Situasjonen i dag er ikkje lik situasjonen om 2–3 år. Situasjonen i dag er ikkje lik som for 5 år sidan. Det blir stadig stilt nye krav som vi skal dekkje, samtidig må vi ta omsyn til eit nytt kriminalitetsbilete. Vi må derfor organisere oss annleis. Vi må i dag prioritere mellom pri-1-oppgåvane våre. Vi har òg fleire og strengare krav til arbeidet vårt, og dette er grunnen til at vi må jobbe annleis.</p> <p>Ørjan Hjortland (PF): PF ønskjer ikkje å vere med på å lage eit militærpoliti – eit politi som berre dukkar opp når noko har skjedd – klar dreiling mot meir styring. Korleis kompenserer vi for tap av tenestestadene? Politirådet og politikontakt er veldig viktig. Saknar meir utgreiing i rapporten om dette.</p> <p>Oddbjørn Dyrdal: Militærpoluti er ikkje intensjonen vår. Hovudmålet vårt er at vi skal vere meir tilgjengelege. Vi ønskjer ein tett dialog med kommunane. Vi, saman med kommunen, skal sørge for (gjennom politiråda) at vi er synlege og driv førebygging. Vi ønskjer framleis eit sivilt politi. Vi vil ikkje vere toppstyrte, men ha leiarar som styrer i distrikta. Vi må nytte ressursane på ein</p>	
--	--	--

	<p>meir effektiv måte som frigjer kapasitet i eit seinare steg i prosessen.</p> <p>Kaare Songstad: Det er viktig at vi prioriterer at kommunane får ordet når vi først er samla.</p> <p>Harald Offerdal – Balestrand kommune: Voa for sentralisert ressursfordeling. Små stader blir ikkje prioriterte.</p> <p>Harald Schjeldrup – Bergen kommune: Ros for at vi har blitt inkluderte i prosessen. Kvalitativ – førebygde – hendingar – ei vanskeleg oppgåve å løyse dette godt i heile distriktet. Det er godt å få lese vurderingar for heile distriktet, og eg håpar at alle har ei felles interesse. Bergen kommune har bydelar med 40 000 innbyggjarar. Det er stor mobilitet i kriminalitetsbiletet, funksjonar – ok, men vi er skeptiske til at dei lokale politistasjonane i Bergen blir lagde ned. Lokal kunnskap er viktig for oppklaring og førebygging. Vi forstår at det er behov for å sjå på organisering av oppgåvene og funksjonane.</p> <p>Leidulf Gloppestad – Nordfjordrådet: Skryt til politimeister, men opplever at «forslaget» blir løfta fram meir enn forslag nummer 2, «alternativet». Dette er ikkje ok. Det er viktig å vere til stades i kommunane fordi Nordfjordregionen er svært vanskeleg topografisk sett. Innspela våre må takast med. Innspel gitte i Førde – vi må ha førebygging med politikontakt/politiråd og fleire GDE-ar i fokus, eller så dekkjer det ikkje det vi er opptekne av. Vi ser ikkje spor av innspela fra Førde i rapporten. Reforma må leve opp til namnet sitt – nærpolti. Kva slags politi er det vi skal ha? Einsidig søkjelys på det eine forslaget som gir færrest mogleg GDE-ar, gir ein skinnprosess.</p> <p>Arne Johannsen: Eg liker at ordførarar er engasjerte, og synest det er vanskeleg å skrive framlegg om nedlegging av tenestekontor. Men vi har ein</p>	
--	--	--

	<p>del realitetar å halde oss til: blanding av økonomi og nasjonale kvalitetskrav. Dersom vi kunne velje det vi ville ha, ville vi alle vore einige. Men vi leiarar må sjonglere mellom dei ulike krava og tilgjengelege ressursar. Politiet har behov for utvikling av fagmiljø og kompetansemiljø. Stortinget har gitt klare føringar om eit nærpoli med lokal forankring. At politiet er til stades, er viktig for legitimeten politiet har i lokalsamfunnet. I rapporten (s. 25) blir det vist til den internasjonale trenden med organisasjonar som har behov for auka kontroll og sterkare styring. Tvert imot går trenden i retning av lokalt handlingsrom. Vi er nøydde til å lykkast i Bergen by, for her er den høgaste kriminalitetsraten, viss ikkje mislykkast Vest politidistrikt. Eg er usikker på om det er riktig å leggje ned dei lokale einingane, spesielt med tanke på førebyggjande arbeid. Vi bør ikkje ha eit polititomrom i eit så stort område. Det bør sjåast i samanheng med kommunesamslåing. Det er interessant at rapporten handlar om eit forslag og eit alternativ. Det er to likeverdige alternativ. Det er det viktig å presisere. Det er stor forskjell på synet frå dei ulike fylka. GDE-ønsket med sju GDE-ar treffer godt.</p> <p>Jostein Eitrheim – Hardangerrådet: Vi ønskjer likt tenestetilbod til alle anten dei bur sentralt eller i distrikt, og vi representerer sju kommunar. «Alternativet» er det einaste akseptable for Hardangerrådet. Vi har foreslått inkludering med Voss. Det er stader i kommunar utanfor Bergen som òg har bykriminalitet. Kva tilnærming har arbeidsgruppa gjort når det gjeld Kvam og kvar det heradet skal høyre heime? Korleis har arbeidsgruppa landa på den inndelinga av GDE-ar? Korleis har arbeidsgruppa tenkt når det gjeld inndeling av GDE og samarbeidet med andre beredskapseiningar?</p> <p>Oddbjørn Dyrdal: Kvam og Samnanger samarbeider mykje mot sør, og derfor har vi foreslått den sørlege GDE-en. Vi har òg vurdert dette opp mot andre beredskapseiningar.</p> <p>Roald Aga Haug – Odda kommune:</p>	
--	--	--

	<p>Styrkt kontroll og styring – i motsetnad til lokal autonomi. Kva betyr dette for oss? Betyr dette ei sentralisering? Ei ferjefri eining vil fungere godt. Treng god beredskap. Transittkommunar har andre utfordringar når det gjeld folketal. Budsjett – er det realistisk med nytt lensmannskontor med fleire tilsette? Blir ein for langt unna dei store GDE-ane?</p> <p>Karstein Totland – Regionrådet Nordhordland: Det er godt å kunne diskutere noko konkret. Forslaget = ei fagleg vurdering. Det står at Stortinget er oppteke av innspel frå kommunane. Vi ønskjer ein desentralisert modell. Politimeister skal oppfylle fullmakta saman med kommunen. Å skulle snu alt opp ned er ikkje så lurt.</p> <p>Frida Melvær – HAFS Regionråd: Vi har gått frå å synast reforma er bra til å bli skeptiske. Sju GDE-ar, som beskrive i modellen «alternativet», er det beste. Å gå så fort fram er ikkje så bra dersom ein skal lykkast med reforma. Vi reagerer på innhaldet til tenestestad – kan bli litt som politi i butikk. Kor attraktivt blir dette for rekruttering? Eg håpar at eg misforstår. Vi har foreslått ei samanslåing med tanke på ei vaktordning for desse kommunane. Det vi ser no, er at tenestaden skal ha færre tenestetilbod enn i dag, men ikkje meir vaktordning. Det er godt at politiet vil ha eit samarbeid med kommunane. Vi føler at det er kommunane som står igjen med hovudutfordringane. Kvifor er Solund plassert i Masfjorden og ikkje i HAFS? Kvifor er ikkje dette utgreidd? Askvoll er ein kommune som består av mange øyar, korleis er det teke omsyn til? Vi skulle gjerne hatt den faglege grunngivinga for kvifor tenestestadene er plasserte der dei er.</p> <p>Kaare Songstad: Vi bør beskrive meir korleis og kva tenester tenestestadene skal levere.</p> <p>Kjetil Rekdal (PF): Kva er politikontakt? Denne må beskrivast, inkludert kva denne skal vere.</p>	
--	--	--

	<p>Olve Grotle – SIS: Representerer fem kommunar: Vi er uroa for beredskapen ved å leggje ned eit lensmannskontor. Førebygging vil bli svekt. Vi vil at politifolk skal bu lokalt.</p> <p>Sven Flo – Stryn kommune: Vi må sjå til kommune- og regionsreforma. Det er mykje som er uklart fram i tid. Blir det vanskeleg å rekruttere til lokale tenestestader når hovudkompetansen blir samla i GDE-ar? Kva gjer dette med kompetansen på tenestestaden på sikt? Finst det ein analyse av dette? De har konkludert med at det er økonomien som styrer ein del av prosessen. Det er styrt og kontrollert, og det er gitt rammer – dette må vi har forståing for. Men som politikarar må vi også påverke dette til det betre for politiet.</p> <p>Arild Lægreid – Årdal kommune: Førebyggjande kontakt med kommune vil bli svekt. Vi vil gjerne behalde kontoret i Årdal kommune. Kva ligg det i at Lærdal/Årdal må utgreiaast nærmare? Når blir dette utgreidd?</p> <p>Morten Ørn: Vi har ikkje data nok til å utgreie og konkludere med kvar det er best å plassere denne tenestestaden.</p> <p>Leiv Jarle Bergheim – Aurland kommune: Vi ønskjer tenestekontor i Lærdal. Vi har god beredskap og godt samarbeid med sivilforsvaret, men ønskjer nærliek til politiet. Vi har 1750 innbyggjarar som aukar til 900 000 i turistsesongen når vi reknar inn skipsanløp og turisttrafikk. Og vi har mykje gjennomgangstrafikk. Dette må takast omsyn til. Det er ikkje lurt å plassere tenestestaden i ein utkant som Årdal.</p> <p>Sten Robert Osdal – Selje kommune: I utgangspunktet er vi positive til reforma. Ønsket er ein velfungerande politikontakt. Vi inviterer politimeisteren til møte mellom lensmann og kommune om det vidare arbeidet. Det er viktig å ha busett lokale politifolk i kommunen. Vi håpar reforma ikkje blir eit mageplask. Dersom «forslaget» blir resultatet, er</p>	
--	---	--

	<p>reforma eit mageplask. Det er viktig at dette blir følgt opp, men vi vil ikkje stå på barrikadane for å behalde den lokale tenestestaden i Selje kommune.</p> <p>Robert Rastad – Bergen kommune: Ros til prosess. Det er viktig med sterke spesialiserte fagmiljø med tanke på overgrep mot barn og andre alvorlege og ressurskrevjande saker, men forstår dilemmaa med distriktet.</p> <p>Jostein Ljones – Kvam herad: Vi har ingen sterke meininger om kvar Kvam herad skal høyre til, men det er viktig at beredskapen er tilfredsstillande og med god responstid.</p> <p>Arne Johannessen: FDE med spesialistfunksjonar – førebyggjande arbeid må gjerast lokalt. Viktige føringar for andre fagmiljø. Det har vore ein nedgang i kriminaliteten på 11 %, men jobben per sak aukar betydeleg. Dette er ein gjennomgåande trend. Det blir stilt nye kvalitetskrav og krav til nye metodar. Det er mykje meir krevjande å etterforske kvar enkelt sak. Viser til side 15 i rapporten: Mangel i rapporten at vi ikkje får fram det totale utnyttingspotensialet. Det er store moglegheiter for å bruke forvaltningsporet i kampen mot kriminalitet. Eg ønskjer at gruppa beskriv tydelegare dette som effektiviserande med eit gevinstpotensial.</p> <p>Børge Haugetun – Regionrådet Vest: Vi støttar Askøy sitt argument. Det er inga enkel oppgåve arbeidsgruppa har fått. Det er naturleg at alle kjempar for sitt. Men hugs at det ikkje er ei reform berre for å ha ei reform. Sjå på internasjonalt kriminalitetsbilete. Utfordringane er så mykje større enn gårsdagens bilet. Kommunesamanslåing – trur vi er betre stilte med ny løysing. Vi (i Øygarden) tapte det førebyggjande aspektet med politiet ute etter sist reform. Når politiet kjem no, så trur ein at det har skjedd noko. Det vi fekk, var likevel meir tilgjengelege politienester på eit større kontor på Sotra og eit politi som kjem når vi treng dei. Det er viktig at</p>	
--	---	--

	<p>politiet er ute på førebyggjande arbeid. Nærleik er viktig; politiet må ha ledige ressursar og hender. Reforma frigjer ein del ressursar. Vi støttar arbeidet som er lagt til grunn, men har full forståing for uro der det er foreslått nedlegging av kontor.</p> <p>Arne Johannessen: Ordførar i Stryn stilte spørsmål ved rekrutteringspotensialet til dei små lokale kontora. Dette er ikkje lenger eit problem. For tida er det rikeleg med søkerar til politistillingar i distrikta òg. Det viser søkerartala til dei siste utlyste stillingane.</p> <p>Frida Melvær – HAFS regionråd: Erkjenning av at det er store forskjellar mellom Bergen og omland og resten av politidistrikta. Det er to heilt ulike biletet med ulike utfordringar. Eg er mest oppteken av vaktberedskap og responstid. Eg er glad for at vi ikkje har politifolk i kvar blokk som det blei referert til i Japan. Vi har ei utfordring med dagens biletet og vil ha forklaring på vaktberedskapen.</p> <p>Trond Arne Aglen: Det har vore lite diskusjon om dei små tenestestadene. Altfor stor del av budsjettet går til leigeutgifter. For dei pengane som vi kan spare, kan vi rigge dei store kontora til å gi betre tenester. Eg er glad for at de kommunar har teke dei politiske synspunkta. Vi skal gi betre tenester for pengane.</p> <p>Kaare Songstad: Avrunda møtet: Dette hadde vore veldig nyttig. Det teikna seg eit biletet av kva kommunane meinte. Vi ville no gå i møte med arbeidsgruppene og utbetre rapporten. Det er eit stykke veg fram. Etter at forslaget frå politimeisteren er lagt fram, vil det bli ein høyringsrunde og deretter nytt arbeid med forslaget. Medverknaden til kommunane er reell. Kommunane har hatt gode innspel i prosessen, og det var politimeisteren glad for. Politidistriktet må bli trudd når vi seier at vi skal klare å gjere tenestene betre enn dei vi har i dag. Vi må kunne vise til at polititenestene faktisk blei betre enn mange frykta. Publikum skal vere trygge på at dei får den hjelpa dei skal ha når dei treng det.</p>	
--	---	--

	<p>Denne heilskapen skal politidistriktet prøve å sy saman no. Dette er det siste utvida styringsgruppemøtet. Vi vurderer behovet og moglegheita for å ha eit nytt møte.</p> <p>Harald Offerdal – Balestrand kommune: Det ligg nokre sterke føringar frå stortingskomiteen for kva vi skal få igjen av tenester i nærpoltireforma.</p>	
--	--	--